



**Presentasjon av
etikkarbeidet ved HiST**


NARMA si vårkonferanse

Ester K. Hasle, FoU-koordinator


1. april 2014



Kunnskapen du trenger



Presentasjon



- Kven er HiST
- Kva er etikk – og kvifor
- Kva gjer HiST innom forskningsetikk – med vekt på:
 - Organisering og ansvarsfordeling
 - Forskingsadministrasjonen si rolle i arbeidet
 - Samhandling med faglege på ulike nivå (enkeltforskarar/forskargrupper og leiinga avdelingsnivå)
- Utfordringar knytte til arbeidet med forskningsetikk - frå ein administrativ ståstad

Høgskolen i Sør Trøndelag



- Ca 8000 studentar, ca 800 tilsette
- Budsjett: 750 mill. NOK, 5 campus

Avdelingar (6 stk):

- Helse- og sosialfag (AHS)
- Informatikk og e-læring (AITeL)
- Lærer- og tolkeutdanning (ALT)
- Sykepleierutdanning (ASP)
- Teknologi (AFT)
- Handelshøgskolen i Trondheim (HHiT)



HiST tilbyr profesjonsretta utdanning



- 33 bachelorprogram
- 12 masterprogram
- 1 Ph.d.-program
- Etter- og vidareutdanningstilbod; ein av de største leverandørane av opplæring innan e-læring, desentralisert ingeniørutdanning i samarbeid med Norsk Industri, etc
- Praksisorientert og tett kontakt student – faglærer
- Ca. 55 ph.d.-studentar er tilsette ved HiST, dei fleste er «innrullerte» ved andre institusjonar
- Adm. for forskning, utvikling & eksterntverksamd under prorektor



Kva er etikk?



- **Etikk** (frå gresk *ethos*, sedeleg) eller **moralfilosofi** er den delen av filosofien som forsøker å svara på spørsmål som «kva er godt», «kva er det rette», «korleis bør du oppføre deg».
- **Etikk** set normer og prinsipp for rett handling.
- Ein skil mellom moral og etikk ved å seie at «moral» er dei normer, dydar og verdiar som har aksept i ein gitt kultur
- Moralnormer varierer frå samfunn til samfunn, og dei kan også variere over tid – døme: kvinnenens påkledning i ulike kulturar
- **Etikk** er eit sett av normer og prinsipp til rettleiing for menneska sine handlingar
- Kva for formål etikken skal fremja er viktig sidan det finst ulike teoriar alt etter kva for formål du tek som utgangspunkt.

Kva er profesjonsetikk?



- Profesjonane har tradisjonelt kvar sin særskilde profesjonsetikk
- Ferdig utdanna profesjonsmedarbeidarar vart avkravde å sverje ei form for eid om å stå ved og forsvare denne etikken i tidlegare tiders profesjonar (presteteneste, medisin og juss)
(jfr Hippokrates medisinske eid frå ca år 400f.Kr)
- Ved avlegging av eiden, og gjennom opplæring innan faget, er medlemene i ein profesjon forventa å følgje dei etiske reglane innom profesjonen og oppføre seg i tråd med dei.
- Etske retningsliner stiller krav til den som har kunnskap, makt og ansvar for å bidra til å forebygge maktmisbruk.

Kva er forskningsetikk?

kortversjonen



- Med forskningsetikk meiner vi vurdering av forskinga i høve til normer og verdiar i samfunnet.
- Vurderinga omfattar kva for problemstillingar du forskar på
- Førre var – og vern av individ og miljø
- Kva for metodar som blir nytta
- Etterprøvbare resultat
- Korleis presentert og kva for måtar resultatata frå forskninga kan bli brukte
- Dilemma kring finansieringskjelder

Kvifor blir forskningsetikk vektlagt?



Nokre moment:

- Auka internasjonalisering krev felles «køyrereglar» på tvers av kulturar
- Auka tverrfagleg forskning krev merksemd om tradisjonell etikk innom andre profesjonar
- Teknologeutvikling/metodeutvikling stiller forskingsverda overfor stadig nye dilemma
- Ny kunnskap medfører meir «føre var-merksemd»
- Vern av forskingsobjekta kunne i tidlegare tider vera lemfeldig
- Store kommersielle gevinstar ved å halde tilbake halve sanninga
- Alvorlege forskingsfuskesaker har dukka opp

Etikk i HiST

visjon



- «HiST ønsker studenter og ansatte med høy etisk bevissthet og adferd. Å sette høgskolens visjon og verdier ut i livet stiller krav til høy etisk kvalitet i kunnskapsproduksjon og kunnskapsformidling, samt i forvaltning og myndighetsutøvelse.»

Etikkarbeid ved HiST



- Starta jobbing med etiske retningslinjer for HiST hausten 2009
- Som del av arbeidet med å få på plass høgskolens internkontroll
- HiST-avdelingane var før dette komne ulikt langt i si jobbing
 - Sjukepleiarutdanninga vedtok retningslinjer for studentoppgåver alt i 1988
- Vi kontakta andre universitet og høgskolar om deira arbeid
- Overordna dokument: **Etiske retningslinjer for statstenesta**
- På kjerneområda undervisning og rettleiing, og forskning og formidling er det utarbeida og vedteke detaljerte eigne retningslinjer.
- I tillegg har HiST vedteke utdjupande retningslinjer på saksområde som er vurderte som særleg risikoutsette

Utdjupande etikkretningslinjer ved HiST



HiST sine etikksider utdjupear (som tillegg til **Etiske retningslinjer for statstenesta**) følgjande spesialtema:

- **Forskningsetikk**
 - Inkl. eigen portal for rettleiing i høve helseforskningslova
- Etikk i undervisning / rettleiing
- Etikk og reiser
- Etikk og handel
- Etikk og bistillingar
- Varsling om kritikkverdige forhold

HiST definerer sine forskningsetiske utfordringar



HiST vektlegg etiske aspekt ved:

- **Forskarrolla**: redelighet, habilitet og uavhengighet
- **Forskningsprosessen**: definering av mål og metode, spørsmål relatert til forsøkspersonar, persondata, risiko for skade på menneske, dyr og natur
- **At forskningsetiske dilemma** kan oppstå eksempelvis i skjæringsflata mellom forskning og andre aktivitetar, så som undervisning, formidling, opphavsrett og immatrielle rettar, ekspertverksemd og fag- og institusjonsforvaltning og engasjement i anna verksemd

Ansvar for forskningsetiske spørsmål ved HiST



- Høgskolestyret har overordna ansvar for forskningsetiske spørsmål.
- Leiarar på alle nivå har ansvar for å sikre god forskningsetisk praksis.
- Dekanane har ansvaret for rådgjeving og for at avdelingas tilsette er oppdaterte på forskningsetiske spørsmål.
- Dekanane skal ha innsyn i forskinga som blir utført, og om forskningsetiske omsyn er ivaretekne.

Prosjektleiars ansvar



Eksterne godkjenningar - kommunikasjon

- REK (før prosjektstart og ved vesentlege endringar)
- Andre aktuelle (f.eks. personvernombudet)

Overfor dekan (i praksis FoU-koordinator/-leiar)

- Skal godkjenne i høve til
 - avdelingas strategi
 - ressursar
- Legge fram søknad og protokoll på forespørsel

Fagpersonars ansvar



- Forskingsetiske spørsmål skal inngå som ein naturleg del i opplæringa på alle nivå ved organisasjonen.
- Den enkelte fagpersonen pliktar å utføre forskinga i samsvar med allment anerkjente etiske prinsipp knytte til datainnsamling, datalagring, analysar, konklusjonar, publisering, eventuelle skadelege konsekvensar, personvern og forhold til eventuell oppdragsgjevar og andre interessentar.
- Rettleiarar for master- og bachelorstudentar har særleg ansvar for forskningsetiske aspekt ved studentoppgåver, også sikker lagring av data
- Ein kvar skal ta opp om det blir avdekka kritikkverdige forhold

Brot på forskningsetiske retningsliner ved HiST



- Dekanen er ansvarleg for å få vurdert om forskningsetiske retningsliner er brotne dersom mistanke oppstår.
- Dekanen skal vurdere og evt. setja i verk sanksjonar (avhengig av alvorleggrad)
- Dekanen skal også vurdere om tilfellet av uredeleg forskning skal takast inn i det nasjonale granskingsutvalget.
- I alvorlege tilfelle kan tenestemannsloven sine reglar om ordensstraff brukast
- Mulige sanksjonar: Eks.:FoU-tid kan bli inndrege, det kan leggst ned forbod mot forskingspublisering for eit nærare definert tidsrom

Forskingsetisk sjekkliste



Til hjelp for aktørane i forkinga brukar vi ei rettleiing om viktige forskingsrelaterte spørsmål om:

- Prosjektets mål og metode
- Forsking der forsøkspersonar er involverte
- Persondata
- Helseforskning
- Risiko og trygging
- Whistle-blowing - innebygga varslingsystem

Frå «Forskingsetisk veileder», utgitt av Den nasjonale Forsknings-etiske komiteén for naturvitenskap og teknologi (NENT)

Helseportalen – eit nyttig elektronisk hjelpemiddel



Gjennomføring av helseforskningsprosjekt er delt inn i tre faser:

- Planlegging av forsøket
(protokoll, REK, samtykke etc.)
- Gjennomføring av prosjektet
- Avslutning av prosjektet

Stegvis, med aktuelle tips og lenker

Etter avtale med NTNU fekk vi ta utgangspunkt i deira portal og tilpassa innhaldet til HiST

Forsvarleg gjennomføring av medisinsk og helsefagleg forskning (HiST-portal)



- «Disse sidene skal være til hjelp for deg som driver med medisinsk og helsefaglig forskning ved HiST samt sikre at etiske, medisinske, helsefaglige, vitenskapelige og personvernmessige forhold bli ivaretatt på en forsvarlig måte.»



Korleis bidreg sentralt nivå innom HiST-administrasjonen



- FoU-utvalet blir brukt som HiST sitt saksførebuaende etikkorgan
- Klagenemnda har iblant forskingsprega studentsaker
- Ad hoc-grupper har vore i sving på spesialtema
- Ein sakshandsamar sentralt brukte mykje tid - spesielt med tilrettelegging av Helseforskningsportalen ved HiST
- IKT-folk er trekte inn for å delta i vurdering av sikker lagring av forskingsdata
- FoU-administrasjonen legg ut og oppdaterer relevant infomateriell på Hist sine web-sider
- Sentrale arrangement og skoloring av ymse slag
- FoU-adm. rettleier og svarar på spørsmål etter beste evne
- FoU-koordinatoren er HiST si vaktbikkje for internkontroll i følgje helseforskningslova

Korleis bidreg avdelingsnivået nivå ved HiST



- Dei tre FoU-koordinatorane ved våre tre avdelingar som inneheld helsefagleg forskning, har jobba særst godt om felles løysingar
- Samarbeid med andre institusjonar der det er formålstenleg
- FoU-koordinatorane handhevar dekanens oppgåver
- Både felles (sentralt hald) og avdelingsvis (spesielt tilpassa) er det arrangert infoopplegg
- Avdelingane web-sider blir brukt målmedvete
- Jamnleg epostsendingar til berørte grupper ved oppdateringar

Nokre utfordringar knytte til arbeidet med forskningsetikk



Sett frå ein forskingsadministrativ ståstad ved HiST:

- Kontinuerleg opplæring og bevisstgjerung av forskarane
- «Gråsoner» - sårbare grupper som fell utom helseforskningslova
- Mest mulig felles praksis innom høgskolane – og på tvers av avdelingar og fagmiljø
- God praksis i høve til ulike studentprosjekt
- At U&H-sektoren finn fram til eit mest mulig brukarvenleg opplegg for sikker lagring av forskingsdata (UNINETT TSD 2.0?)

Hovudfokus for HiST-arbeidet framover



- Revidere/oppdaterer høgskolens web-sider og infomateriell på feltet
- Mest mulig enkle «oppskrifter» for kva forskarane må hugse på og reflektere over i si forskning
- Kontinuerleg arbeid med opplæring bevisstgjerung – gjeld både for forskingsprosjekt og for rettleiing av studentoppgåver
- Sikker lagring av forskingsdata
 - både større forskingsprosjekt og studentprosjekt
- Gode rutinar for å få på plass internkontroll knytt til forskingsprosjekt innmelde til REK

Aktuell etisk utfordring i eit HiST-prosjekt



- Ekstern oppdragsgjevar ville få testa ut ei oppfinning ved Avdeling for teknologi, HiST
- Han forventa å kunne reklamere med gode resultat frå HiST
- Undersøkingane ga derimot eintydige og dårlege testresultat
- Oppdragsgjevaren protesterte på rapporten og prøvde å få forskaren (ein røynd senior) til å «pynte» på resultata
- Overtalingane gjekk over i trugsmål, og forskaren vende seg til avdelinga for å få hjelp
- Oppdragsgjevaren vende så trugsmåla mot meg som avd. ansvarleg og sa han ville gå til media og øydelegge HiST sitt omdømme
- Han fekk klår beskjed om at HiST ikkje designa resultat etter ynskjer, HiST-leiinga vart varsla om mulig bråk, men heldigvis: ingen ting meir skjedde

Etikkutfordringar med studentprosjekt



- Klagenemnda ved HiST har i studentsaker vore borti eksempelvis
 - Sak med mulig (truleg) fabriksring av data
 - Plagiering

Tema over er også kjende frå større nasjonale forskningsetikksaker

Som ein institusjon med relativt stutt forskingshistorie og ikkje alt for stor forskingsaktivitet har eg heldigvis ikkje klart å oppspore nokon store etikkskandalar i arbeidet med denne presentasjonen frå HiST